



Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Møterom, Midsund sjukeheim
Dato:	03.04.2008
Tid:	15:00

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Eva Tangen	Medlem	SP
Ann-Heidi Paulsen Orvik	Medlem	AP
Helge Orten	Leiar	H
Åshild Bergsvik Karlsen	Medlem	H
Hallstein Solvang	Medlem	H
Lars Jarle Jensen	Medlem	H
Magne Reiten	Nestleiar	SP
Johnny Hagset	Medlem	AP
Frits Inge Godø	Medlem	V
Reidar Tangen	Medlem	TVP
Arnstein Misund	Medlem	KRF
Aslaug Jensen Sanden	Medlem	H
Odd Helge Gangstad	Medlem	SP
Per Håvard Klauset	Medlem	SP

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Evy Mette Risvik	MEDL	H
Helge Løken	MEDL	SP
Eli Linda Nesje	MEDL	KRF

Varamedlemmar som møtte:

Namn	Vara for:	Parti
Robin Mikael Sørli	Evy Mette Risvik	H
Oddleiv Gangstad	Helge Løken	SP
Asbjørn Malvin Ræstad	Eli Linda Nesje	KRF

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Trygve Brunvoll	Leiar oppvekst
Arild Sjøvik	Økonomisjef
Ann Torill Vaksvik	Sekretær

Underskrift:

Vi stadfester med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Helge Orten

Lars Jarle Jensen

Reidar Tangen

SAKSLISTE

Saksnr	Innhold	Arkivsaknr
PS 08/11	Underskrift	
PS 08/12	Godkjenning av protokoll	
PS 08/13	Referatsaker	
PS 08/14	Konstituering av rådmann	2008/181
PS 08/15	Orientering om økonomien	2008/172
PS 08/16	Skulestrukturen i Midsund 2008	2008/140
PS 08/17	Evaluering av administrativ struktur	2007/761
PS 08/18	Evaluering av politisk struktur	2008/182
PS 08/19	Godkjenning av Nord Heggdal 37/1	2007/170
PS 08/20	Arna Stølen - søknad om fritak som varamedlem i overformynderiet	2007/509
PS 08/21	Val av representant til styret i Midsund Slekt og historielag	2007/509
PS 08/22	Val av medlem og varamedlem til styret i GassROR IKS	2007/509

Det var ingen merknad til innkallinga.

Sakliste:

Tema: Politikarane sine roller v/ordføraren blir utsett til maimøtet.

Det blir Open post etter sak 08/13 Referatsaker.

Etter Open post blir det synfaring på Midøy og Raknes skule

PS 08/11 Underskrift

Behandling i Kommunestyret - 03.04.2008

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart valt Lars Jarle Jensen og Reidar Tangen

Vedtak i Kommunestyret - 03.04.2008

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren vart valt Lars Jarle Jensen og Reidar Tangen

PS 08/12 Godkjenning av protokoll

Behandling i Kommunestyret - 03.04.2008

Protokoll frå møte 21.02.08 blei samrøystes godkjent

Vedtak i Kommunestyret - 03.04.2008

Protokoll frå møte 21.02.08 blei samrøystes godkjent

PS 08/13 Referatsaker

Behandling i Kommunestyret - 03.04.2008

Referatsakene blei tatt til orientering

Vedtak i Kommunestyret - 03.04.2008

Referatsakene blei tatt til orientering

OPEN POST

Ordføraren orienterte:

Ann Heidi P. Orvik orienterte:

Spørsmål frå Hallstein Solvang:

Leiligheiter i Selvika

Representantskapet/styre i R.I.R.

Omdømme – kva vil kommunen bruke det arbeidet som Utviklingskomiteen har utarbeidd til?

Ordføraren svara på spørsmålet

Spørsmål frå Frits Inge Godø:

Flyferja om morgonen – kva gjer ordføraren i den saka?

Ordføreren svare på spørsmålet

PS 08/14 Konstituering av rådmann

Forslag til vedtak:

Behandling i Formannskapet - 27.03.2008

Formannskapet drøfta konstituering av rådmann.

Formannskapet går inn for å leige inn/konstituere Gunnar Kvalsund som rådmann i inntil 6 måneder.

Ordfører og varaordfører får i oppdrag og forhandle fram ein avtale med Midsund Vekst A/S.

Samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskapet - 27.03.2008

Formannskapet går inn for å leige inn/konstituere Gunnar Kvalsund som rådmann i inntil 6 måneder.

Ordfører og varaordfører får i oppdrag og forhandle fram ein avtale med Midsund Vekst A/S.

Behandling i Kommunestyret - 03.04.2008

Helge Orten (H) fremma følgjande forslag:

Kommunestyret tilset Gunnar Kvalsund som rådmann i ein mellombels periode på inntil 6 månader. Vedkomande vil bli avlønna ut frå ein stillingsprosent på 80%. Øvrige vilkår blir som i tilsettingsavtalen med tidlegare rådmann.

Ordfører og varaordfører får fullmakt til å godkjenne arbeidsavtalen.

Kommunestyret ber samtidig ordfører ta ansvaret for å igangsette ein prosess med å rekruttere ny rådmann i tråd med dei retningslinene som var fulgt i forrige tilsettingsprosess.

Arnstein Misund (Krf) fremma følgjande endring i første avsnitt 2. setning:

....stillingsprosent på 80% og ellers vilkår som i tilsettingsavtalen.....

Forslag fremma av Helge Orten (H) med forslag til endring i første avsnitt fremma av Arnstein Misund (Krf) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 03.04.2008

Kommunestyret tilset Gunnar Kvalsund som rådmann i ein mellombels periode på inntil 6 månader. Vedkomande vil bli avlønna ut frå ein stillingsprosent på 80% og ellers vilkår som i tilsettingsavtalen med tidlegare rådmann.

Ordfører og varaordfører får fullmakt til å godkjenne arbeidsavtalen.

Kommunestyret ber samtidig ordfører ta ansvaret for å igangsette ein prosess med å rekruttere ny rådmann i tråd med dei retningslinene som var fulgt i forrige tilsettingsprosess.

PS 08/15 Orientering om økonomien

Forslag til vedtak:

Saka blir lagt fram til drøfting

Behandling i Kommunestyret - 03.04.2008

Kommunestyret tek orienteringa til vitande og ber rådmannen jobbe vidare med dei innsparingstiltaka som er føreslått.

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 03.04.2008

Kommunestyret tek orienteringa til vitande og ber rådmannen jobbe vidare med dei innsparingstiltaka som er føreslått.

PS 08/16 Skulestrukturen i Midsund 2008

Forslag til vedtak:

Behandling i Formannskapet - 27.03.2008

Helge Orten (H) fremma følgjande forslag:

Midsund kommune legg ned Midøy skule, og elevane vert flytta til Raknes skule frå skulestart i august 2008.

Eventuelle branntekniske forhold ved ein auke i elevtalet må avklarast snarast råd.

Forslag fremma i møte vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 27.03.2008

Midsund kommune legg ned Midøy skule, og elevane vert flytta til Raknes skule frå skulestart i august 2008.

Eventuelle branntekniske forhold ved ein auke i elevtalet må avklarast snarast råd.

Behandling i Kommunestyret - 03.04.2008

Per Håvard Klauset (SP) bad om å få vurdert sin habilitet
Reidar Tangen (TVL) bad om å få vurdert sin habilitet
Eva Tangen (SP) bad om å få vurdert sin habilitet

Svanaug Lervik (SP) tiltrer møtet i staden for Per Håvard Klauset (SP)
15 voterande

Per Håvard Klauset (SP) vart samrøystes kjent habil
Reidar Tangen (TVL) vart samrøystes kjent habil
Eva Tangen (SP) vart samrøystes kjent habil
17 voterande

Magne Reiten (SP) fremma følgjande forslag:

1. *Midsund kommune samlar grunnskuletrinnet 1 – 4 på ein småskule frå starten av skuleåret 2009/2010. Den nye felles grunnskulen 1 – 4. klasse skal være Midøy skule.*
2. *For skuleåret 2008/09 skal elevane på Midøy skule som skal ta til i 2. klasse og 4. klasse gå på Raknes skule. Totalt vert det då om lag 18 elevar i 2. klasse og 22 elevar i 4. klasse.*
3. *Det skal frå skuleåret 2008/09 være ein felles rektor for Raknes og Midøy skule. Utbygging av Midøy skule kan då gjerast i løpet av skuleåret 2008/09, medan det er relativt liten aktivitet på skulen.*
4. *Kommunen må straks starte arbeidet mot Møre og Romsdal fylke slik at bussrutene vert omlagt frå skuleåret 2009/10, slik at dei høver med Midsund kommune si organisering av skuletilbudet.*

Arnstein Misund (KRF) fremma følgjande forslag:

Midsund kommune opprettheld dagens skulestruktur med 1 – 4 klasse på Raknes og Midøy skule. Det vert sett fortgang i planlegginga av nytt tilpassa skulebygg ved Midsund skule.

Votering

Forslag fremma av Arnstein Misund (KRF) falt med 12 mot 5 stemmer

Det var votert alternativt mellom formannskapet sitt forslag og forslag fremma av Magne Reiten (SP), der formannskapet sitt forslag vart vedteke med 10 mot 7 stemmer.

Vedtak i Kommunestyret - 03.04.2008

Midsund kommune legg ned Midøy skule, og elevane vert flytta til Raknes skule frå skulestart i august 2008.

Eventuelle branntekniske forhold ved ein auke i elevtalet må avklarast snarast råd.

PS 08/17 Evaluering av administrativ struktur

Forslag til vedtak:

Evalueringa blir tatt til orientering.

Behandling i Administrasjonsutvalet - 12.02.2008

Behandling av saka blir utsett

Vedtak i Administrasjonsutvalet - 12.02.2008

Behandling av saka blir utsett

Behandling i Administrasjonsutvalet - 11.03.2008

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Administrasjonsutvalet - 11.03.2008

Evalueringa blir tatt til orientering.

Behandling i Kommunestyret - 03.04.2008

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Kommunestyret - 03.04.2008

Evalueringa blir tatt til orientering.

PS 08/18 Evaluering av politisk struktur

Forslag til vedtak:

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak

Behandling i Kommunestyret - 03.04.2008

Helge Orten (H) stilte spørsmål om sin habilitet.

16 voterande

Helge Orten (H) vart samrøystes kjent habil.

17 voterande.

Det vart fremma følgjande fellesforslag frå partia:

Det vert vist til notat av 27.03.2008. Kommunestyret sluttar seg til framlegget til endringar i notatet, herunder:

- 1) *Ordføraren si godtgjering vert redusert med 50% ut denne valperioden. Ordninga vert iverksett frå 01.08.08*
- 2) *Utviklingskomiteane vert avvikla frå 01.01.2008.*
- 3) *Formannskapet og kommunestyret sine oppgåver vert som skissert i notatet, og iverksett frå 01.08.08.*
- 4) *Møtegodtgjering skal følge den til ei kvar tid gjeldande ordførargodtgjering. Møtegodtgjering gruppe A skal reduserast frå 01.01.2008.*

Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 03.04.2008

Det vert vist til notat av 27.03.2008. Kommunestyret sluttar seg til framlegget til endringar i notatet, herunder:

- 1) Ordføraren si godtgjering vert redusert med 50% ut denne valperioden. Ordninga vert iverksett frå 01.08.08
- 2) Utviklingskomiteane vert avvikla frå 01.01.2008.
- 3) Formannskapet og kommunestyret sine oppgåver vert som skissert i notatet, og iverksett frå 01.08.08.
- 4) Møtegodtgjering skal følge den til ei kvar tid gjeldande ordførargodtgjering. Møtegodtgjering gruppe A skal reduserast frå 01.01.2008.

PS 08/19 Godkjenning av Nord Heggdal 37/1

Forslag til vedtak:

Reguleringsplana for Nord Heggdal med reguleringsføresegner datert 28.02.07 vert godkjent med følgjande endringar:

1. I § 2.1 om plassering av hyttepunkt, skal teksten om plassering strammast inn slik at krysset sitt midtpunkt må ligge innafor byggets yttergrense
2. I § 3.1 Fritidsbygg F5 skal flyttast 20 m mot nord aust og vere eit forretningsbygg for konferansar og overnatting.
3. I § 7.1 Tekst på privat veg skal forandrast til vegar. Tekst på vegar skal takast bort frå reguleringskartet.
4. Mellom småbåtanlegget og bygg F6 kan det settast opp eit lite bygg maks 15 m² for sløying av fisk.
5. Skråningsutslag skal teiknast inn slik at ein ser om skråningane kjem i konflikt med Fv 202. Krysset med Fv 202 skal dimensjonerast som vegkryss og etter gjeldande reglar.

Behandling i Planutvalet - 27.03.2008

Magne Reiten (SP) fremma følgjande forslag til endring av pkt. 2:

...mot nord aust og regulerast med formål som forretningsbygg for konferansar og overnatting.

Forslag til vedtak med endring av pkt 2 vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Planutvalet - 27.03.2008

Reguleringsplana for Nord Heggdal med reguleringsføresegner datert 28.02.07 vert godkjent med følgjande endringar:

1. I § 2.1 om plassering av hyttepunkt, skal teksten om plassering strammast inn slik at krysset sitt midtpunkt må ligge innafor byggets yttergrense
2. I § 3.1 Fritidsbygg F5 skal flyttast 20 m mot nord aust og regulerast med formål som forretningsbygg for konferansar og overnatting.
3. I § 7.1 Tekst på privat veg skal forandrast til vegar. Tekst på vegar skal takast bort frå reguleringskartet.
4. Mellom småbåtanlegget og bygg F6 kan det settast opp eit lite bygg maks 15 m² for sløyning av fisk.
5. Skråningsutslag skal teiknast inn slik at ein ser om skråningane kjem i konflikt med Fv 202. Krysset med Fv 202 skal dimensjonerast som vegkryss og etter gjeldande reglar.

Behandling i Kommunestyret - 03.04.2008

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Kommunestyret - 03.04.2008

Reguleringsplana for Nord Heggdal med reguleringsføresegner datert 28.02.07 vert godkjent med følgjande endringar:

1. I § 2.1 om plassering av hyttepunkt, skal teksten om plassering strammast inn slik at krysset sitt midtpunkt må ligge innafor byggets yttergrense
2. I § 3.1 Fritidsbygg F5 skal flyttast 20 m mot nord aust og regulerast med formål som forretningsbygg for konferansar og overnatting.
3. I § 7.1 Tekst på privat veg skal forandrast til vegar. Tekst på vegar skal takast bort frå reguleringskartet.
4. Mellom småbåtanlegget og bygg F6 kan det settast opp eit lite bygg maks 15 m² for sløyning av fisk.
5. Skråningsutslag skal teiknast inn slik at ein ser om skråningane kjem i konflikt med Fv 202. Krysset med Fv 202 skal dimensjonerast som vegkryss og etter gjeldande reglar.

PS 08/20 Arna Stølen - søknad om fritak som varamedlem i overformynderiet

Forslag til vedtak:

Arna Stølen får fritak frå sitt verv som varamedlem i overformynderiet.

Som nytt varamedlem i overformyndertiet for perioden 2007 – 2011 blir valt:

Behandling i Valnemnda - 27.03.2008

Det vart fremma følgjande forslag :

Som nytt varamedlem i overformyndertiet for perioden 2007 – 2011 blir valt:

Ann Heidi P. Orvik

Forslag til vedtak med tillegg fremma i møte samrøystes vedteke.

Vedtak i Valnemnda - 27.03.2008

Arna Stølen får fritak frå sitt verv som varamedlem i overformyndertiet.

Som nytt varamedlem i overformyndertiet for perioden 2007 – 2011 blir valt:

Ann Heidi P. Orvik

Behandling i Kommunestyret - 03.04.2008

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Kommunestyret - 03.04.2008

Arna Stølen får fritak frå sitt verv som varamedlem i overformyndertiet.

Som nytt varamedlem i overformyndertiet for perioden 2007 – 2011 blir valt:

Ann Heidi P. Orvik

PS 08/21 Val av representant til styret i Midsund Slekt og historielag

Forslag til vedtak:

Som Midsund kommune sitt medlem og varamedlem til styret i Midsund Slekt- og historielag blir valt:

Medlem:

Varamedlem:

Behandling i Valnemnda - 27.03.2008

Det var fremma følgjande forslag i møte:

Medlem: Hallstein Solvang

Varamedlem: Inga Dyrseth

Forslag fremma i møte vart samrøystes vedteke

Vedtak i Valnemnda - 27.03.2008

Som Midsund kommune sitt medlem og varamedlem til styret i Midsund Slekt- og historielag blir valt:

Medlem: Hallstein Solvang

Varamedlem: Inga Dyrseth

Behandling i Kommunestyret - 03.04.2008

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Kommunestyret - 03.04.2008

Som Midsund kommune sitt medlem og varamedlem til styret i Midsund Slekt- og historielag blir valt:

Medlem: Hallstein Solvang

Varamedlem: Inga Dyrseth

PS 08/22 Val av medlem og varamedlem til styret i GassROR IKS

Forslag til vedtak:

Som Midsund kommune sitt medlem og varamedlem til styret i GassROR IKS blir valt:

Medlem:

Varamedlem:

Behandling i Valnemnda - 27.03.2008

Det vart fremma følgjande forslag i møte:

Midsund kommune sine alternative medlemmar til styret i GassROR IKS blir valt:

Johnny Hagset og Åshild B. Karlsen.

Forslag fremma i møte samrøystes vedteke.

Vedtak i Valnemnda - 27.03.2008

Midsund kommune sine alternative medlemmar til styret i GassROR IKS blir valt:

Johnny Hagset og Åshild B. Karlsen.

Behandling i Kommunestyret - 03.04.2008

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Kommunestyret - 03.04.2008

Midsund kommune sine alternative medlemmar til styret i GassROR IKS blir valt:

Johnny Hagset og Åshild B. Karlsen.

